



Bremanger kommune

JournalpostID: 21/3865
Sakshandsamar: Inger Hilde
Dato: 06.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/21	Formannskapet	15.04.2021
023/21	Kommunestyret	29.04.2021

Reguleringsplan for steinbrot på Aksla, Plan-ID 4648.2016.03,

Vedlegg:

FSK-012-21. Behandling av reguleringsplan for steinbrot på Aksla, etter avgrensa høyring Plankart. Reguleringsplan for steinbrot på Aksla, Plan-ID 4648.2016.03, Reguleringsplan for steinbrot på Aksla i Bremanger kommune. Trekking av motsegn på vassforvaltning.

FSK-017-20. Handsaming av endra planframlegg for steinbrot på Aksla, før nytt ettersyn
FSK-118-20. Reguleringsplan for steinbrot på Aksla, behandling etter 2. gongs ettersyn og nye utgreiingar

Føresegner. Rev. 09.02.2021

Aksla Planomtale.Tillegg punkt 4.1. utheva

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek kommunestyret reguleringsplan med konsekvensutgreiing for steinbrot på Aksla, Plan-ID 4648.201603. Plankart er datert 01.02.2021, føresegner rev. 09.02.2021 og planomtale 02.02.2021.

Planen går til eventuell mekling, og deretter til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 15.04.2021

Med fem mot to røyster: Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek kommunestyret reguleringsplan med konsekvensutgreiing for steinbrot på Aksla, Plan-ID 4648.201603. Plankart er datert 01.02.2021, føresegner rev. 09.02.2021 og planomtale 02.02.2021.

Planen går til eventuell mekling, og deretter til Kommunal- og


moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Bakgrunn for saka:


Planoppstart og planprogram. Beheersmij Fr. Bontrup BV planlegg steinbrot på Aksla, i tilknyting til eksisterande steinbrot på Setrefjellet, Bremanger Quarry. Forslagsstilla er ein av dei største i Nederland på import av tilslagsmassar. Det blir produsert pukk og finare fraksjonar, og steinen blir brukt i asfalt, i jarnbanebygging, men og offshore ved legging av rørgater, og til ut fylling av landareal. Siste åra har produksjonen vore 8 – 10 mill tonn årleg, og produksjonen er aukande. Planarbeidet for steinbrot på Aksla starta opp i 2011, etter at formannskapet godkjende oppstart i sak FSK-186/10 den 30.11.10. Planarbeidet stogga seinare opp, grunna usemjø med grunneigarar, og manglende dokumentasjon av bergteknisk kvalitet på Aksla. Desse forholda kom sia på plass, og planarbeidet vart teke oppatt med ny varsling, den 18.10.2016, med frist 30.11.2016. Fiskeridirektoratet, fylkesmannen og fylkeskommunen varsla mulege motsegner. Fylkeskommunen varsla med bakgrunn i mulege konsekvensar for vassmiljø, kulturminne og kulturmiljø, medan fylkesmannen varsla muleg motsegn i høve natur- og miljøomstsyn, landskap og friluftsliv. Planprogram for planarbeidet vart så vedteke i sak FSK-022/17 den 17.02.17.

Møte med fylkeskommunen, med fleire. Med bakgrunn i varsel om mulege motsegner vart det 13.03.2018 halde eit orienterings- og samrådingsmøte hos fylkeskommunen si kulturavdeling, der også andre avdelingar og etatar var representerte via video. Tiltakshavar la fram planane for steinbrot på Aksla, og ein fekk innspel til arbeidet med reguleringsplanen.

Planframlegg, 1. gongs ettersyn. Reguleringsplanforslag med KU – konsekvensutgreiing, vart vedteke lagt ut til ettersyn 03.05.18 i sak FSK-046/18, og låg ute i perioden 15.06.2018 til 01.08.2018. Planframlegget hadde eit planområde på cirka 2400 daa, med steinbrot på cirka 1200 daa. Totalt uttak cirka 500 mill tonn. Ved høyringa kom det motsegn frå Fylkesmannen, og frå Fylkeskommunen ved fylkesutvalet. Motsegnene knytte seg til vassmiljø, landskap og kulturminne, og til motstrid med overordna plan (kommuneplan, arealdelen). Motsegn inneber at kommunen ikkje kan vedta reguleringsplanen, med rettsverknad.



Plankart ved første gongs ettersyn. BSM2 er steinbrotet. Utskipingsområde mot nordvest.




Utskipingsområdet i første planframlegg, kaiarrangement illustrert.


Motsega til naturmiljø vedkjem utskipingsområdet på inste Bordvikneset, der det er registrert vegetasjonstype *boreonemoral regnskog* av regional til nasjonal verdi. Lokaliteten strekkjer seg over eit større område. Det var og, etter ei overordna vurdering av utskipingsstader, lagt fram alternativ for utskiping på *ytste* Bordvikneset, men her viste skredfarekartlegging at området var for skredutsatt til å kunne sikrast.

Drøftingsmøte med synfaring. Kommunen og forslagsstillar arrangerer møte og synfaring i planområdet og influensområdet, den 12.11.2018, der fylkeskommunen og fylkesmannen deltok. I møtet la tiltakshavar fram skissert endra planframlegg, der steinbrotet og utskipingsområdet var minskar vesentleg, og Aksla skal stå att mot Hennøya. Ein fekk positive tilbakemeldingar på dette.

Planframlegg, 2. gongs ettersyn. Forslagsstillar endra så planen vesentleg, for å imøtekome motsegnene, og la fram eit planframlegg med steinbrot redusert til cirka 840 daa, og uttak cirka 360 mill tonn. Fjellpartiet Aksla står då urøyvt att mot nord. Utskipingsområdet mot nordvest vart redusert frå 60 til 30 daa. Planframlegget vart vedteke lagt ut til nytt 2. gongs ettersyn i sak FSK-017/20 den 13.02.20, der ein og behandla innkomne merknader. Sjå vedlegg. Det var til ettersyn i perioden 20.03.20 til 05.05.20.



Plankart ved andre gongs ettersyn. Steinbrot og utskipingsområde er minsket mot nord



Utskipingsområde ved 2. gongs

ettersyn. 25% av kjerneområdet for vegetasjonstypen boreonemoral regnskog på inste Bordvikneset, blir råka, eller 10% av hele lokaliteten. Området er vist med grovprosjeert veg med fylling og skjering, fra kai til tunnelinnslag. Kaianlegg skal ligge tett intil land.

Dialogmøte med fylkesmannen. Fylkesmannen – no Statsforvaltaren - har delegert mynde frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til å samordne statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen bad om dialogmøte med kommunen, for å gå gjennom drøftings- og motsegnspunkta, og dette møtet vart halde den 14. mai 2020, på skype. Fylkeskommunen deltok som observatør, og Direktoratet for mineralforvaltning deltok òg. Konklusjonen i dialogmøtet vart at kommunen skulle ta opp spørsmål om utgreiing av utskipingsalternativ mot sør. Med dette vart samordnings- og medverknadsfristen i plan- og bygningslova § 1-4 forlenga, og fylkesmannen tok ikkje stilling til motsegnsspørsmålet i samband med 2. gongs ettersyn.

Fylkesutvalet, motsegn. Fylkeskommunen la saka fram for fylkesutvalet, som gjorde vedtak om motsegn til det endra planframlegget, den 28.05.20, sak 98/2020:

1. Fylkesutvalet opprettheld motsegnene knytt til kulturminne, landskapsbilete og vassmiljø frå vedtak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane i møte den 31.08.2018 når det gjeld kaien.

2. Fylkesutvalet er ikkje samd i den samla verdivurderinga som er gjort i konsekvensutgreiinga for kulturminne og kulturmiljø. Etablering av utskipings- og kaianlegg for steinbrotet på Aksla på Inst Bårdvikneset vil skape store negative verknader for eit nasjonalt særskilt viktig kulturhistorisk landskapsområde som Vingen helleristringsområde er ein del av. Motsega vert trekt dersom kaianlegget til Aksla blir samkjørt med utskipingsanlegget til det allereie etablerte steinbrotet på Dyrstad.

3. Vassmiljø.

Fylkesutvalet meiner det framleis manglar ei vurdering av om dei føreslegne avbøtande tiltaka er tilstrekkelege til å tilfredsstille krava i vassforskrifta og den regionale vassforvaltningsplanen.

Riksantikvaren, motsegn. Sidan fylkesutvalet ikkje hadde vedteke alle motsegnspunkta i tilrådinga frå fylkesrådmannen, sende dei saka til Riksantikvaren, som valde å overta den. Riksantikvaren fekk så utsett frist for å kunne behandle saka. Forslagsstilla heldt synfaring i plan- og influensområdet den 20.08 2020, der Riksantikvaren og fylkeskommunen deltok ilagmed kommunen. Riksantikvaren kom så med motsegn til reguleringsplanen den 10.09.20. Riksantikvaren meiner planane vil forringe landskapet og kulturmiljøet i Frøysjøen

og Vingen.

Nye utgreiingar og avgrensa høyring. Forslagsstilla valde å gå vidare med planarbeidet. Det vart gjort utgreiingar av alternative utskipingsstader, og utgreiingar kring vassmiljø. Utskipingsstadene var alternativ som var vurderte og forkasta tidleg i planarbeidet, fordi dei ikkje er reelle alternativ. Den supplerte reguleringsplanen vart, ilagmed alle innkomne merknader til planen, behandla i formannskapet sak 118/20 den 12.11.2020, sjå vedlegg. Behandlinga av innkomne merknader vart ikkje vurdert til å gje endringar av planen. Det vart vedteke å sende planen på avgrensa høyring, sidan allmenta alt hadde hatt høve til å kome med merknader til planen, gjennom to ettersynsperiodar.

Den supplerte reguleringsplanen vart sendt på høyring til fylkeskommunen, fylkesmannen og Riksantikvaren, i tida 27.11.202 – 15.01.2020. Statsforvaltaren heldt på tidlegare motsegn. Det same gjer Riksantikvaren. Fylkeskommunen melde at dei kunne trekke motsegn vedkomande temaet vassmiljø, på visse føresetnader. I formannskapet sak 012/21 den 18. februar vart dei innkomne merknadene behandla, og plandokumenta vedtekne.

Plansaka skal no behandlast etter trekking av motsegn til vassmiljø, og går deretter vidare til kommunestyret for vedtak.

Kommunestyret 29.04.2021:

Handsaming:

Felles framlegg frå Venstre og Sosialistisk Venstreparti, foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre

Reguleringsplan med konsekvensutgreiing for steinbrot på Aksla vert ikkje godkjent, då konsekvensane for natur og miljø vert for omfattande og skadelege, jamfør uttaler og motseigner frå Statsforvaltar, Riksantikvar og andre.

Revidert felles framlegg frå Venstre og Sosialistisk Venstreparti, foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre

Reguleringsplan med konsekvensutgreiing for steinbrot på Aksla vert ikkje godkjent, då konsekvensane for natur og miljø vert for omfattande og skadelege, spesielt sidan utskipingsanlegg er lagt mot Frøysjøen (Bårdvikneset), jamfør uttaler og motseigner frå Statsforvaltar, Riksantikvar og andre.

Orientering av Sverre Geir Hellebus, Bremanger Quarry.

Harry Gulestø (H) - viktig og godt prosjekt, dei har innretta seg etter dei krava som er sett fram. Kva inntekter seier ein nei til ved å sei nei til prosjektet

Per Helge Eikeland (AP) - bad om gruppemøte. ikkje bekymra for vidare drift. Bra at dei fokusera på å nytte lokal arbeidskraft. Det er ein styrke at det vert eit brudd der det allereie er eit brudd. Det tryggar verksemda med to utskipingsstadar. Skapar meir aktivitet. Miljø - reint steinstøv - ikkje giftstoff som er tilsett.

Magne Kjerpeset (V) positiv til prosjektet

Svein Olav Senneset (V) - ta debatten først og gruppemøte etterpå.

Presentasjonen tillitsvekkande. Venstre ynskjer ikkje eit utviding av anlegget . Ikkje berekraftig med tanke på miljø. Andre næringsverksemder i nærliken kjem og med merknader til anlegget , mellom anna Mowi.

Irene Storøy (V)- ikkje berre politikarene som har gjort at saka har hatt lang handsamingstid. Må høyre på merknadane som er kome inn.

Norvall Klungresæter (Sv). Framheva Vingen og området og omgjevnaden rundet feltet, det

må bevarast slik det er i dag. Mest negativt er utskipningsplassen.

Kommunedirektøren : Synergieffekten er stor, betydeleg for lokalsamfunnet. Inntekt på egedommsskatt til kommunen er ikke høg.

Per Røys (H), når det gjeld Vingen - har tiltakshavar tatt hensyn og endra planane

Leo Cirtozki (Ap): Oppdrettsnæringa har ikke alltid tatt miljøhensyn. Viktig at dei vil utdanne lærlingar

Gruppemøte Ap

Per Helge Eikeland (AP): ikke noko å føye til saka etter gruppemøtet

Det vart røysta for dei to framlegga til vedtak opp mot kvarandre. Framleggget frå kommunedirektøren fekk 14 røyster:

Framleggget frå Venstre fekk 9 røyster ved Venstre :Svein Olav Senneset, Jeanett Kristiansen Grotle, Irene Storøy, Svein Arne Torvanger, Janne Kjærstad. Ap Nina Grotle og Monica Hauge . Sv Norvall Klungresæter. H: Jannike Brenden Frøyen.

Framleggget frå kommunedirektøren fekk 14 røyster Ap: Anne Kristin Førde, Per Helge Eikeland, Leo Husabø Cirotzki, Frank Midtbø, Espen Sortevik. Sp: Espen Walter Gulliksen, Magne Ivar Kjerpeset, Vibeke Kjerpeset, Henny Hansen, Knut Erlend Dombestein, Kjell Ottar Leirgulen. H: Elisabeth Hatlenes, Harry Gulestøl, Per Røys.

KST- 023/21 Vedtak:

Med 14 mot 9 røyster:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek kommunestyret reguleringsplan med konsekvensutgreiing for steinbrot på Aksla, Plan-ID 4648.201603. Plankart er datert 01.02.2021, føresegner rev. 09.02.2021 og planomtale 02.02.2021.

Planen går til eventuell mekling, og deretter til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Formannskapet 15.04.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Venstre (og SV), foreslått av Svein Olav Senneset, Venstre Formannskapet rår kommunestyret til å ikke godkjenne reguleringsplan med konsekvensutgreiing for steinbrot på Aksla, då konsekvensane for natur og miljø vert for omfattande og skadelege, jamfør uttaler og motsegner frå Statsforvaltar, Riksantikvar og andre.

Nytt framlegg til vedtak frå Svein Olav Senneset (V).

Per Helge Eikeland, tiltakshavar har endra planane etter kvart som dei har fått innspel. Ap går for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Det vart røysta for dei to framlegga opp mot kvarandre.

Framleggget frå Venstre fekk to røyster ved Svein Olav Senneset og Irene Storøy, begge Venstre. Framleggget frå kommunedirektøren fekk fem røyster ved Anne Kristin Førde (Ap), Per Helge Eikeland (Ap), Magne Kjerpeset (SP), Henny Hansen (Sp) og Elisabeth Hatlenes (H)

FSK- 046/21 Vedtak:

Med fem mot to røyster: Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vedtek kommunestyret reguleringsplan med konsekvensutgreiing for steinbrot på Aksla, Plan-ID 4648.201603. Plankart er

datert 01.02.2021, føresegner rev. 09.02.2021 og planomtale 02.02.2021.

Planen går til eventuell mekling, og deretter til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Plan- og bygningslova § 12

Saksopplysningar:

Fylkeskommunen har i brev den 10.03.2021 formelt trekt motsegna til reguleringsplanen, for tema vassmiljø. Dei bed om at det blir teke inn eit lite tillegg i føreseggnene punkt 2.6.2, slik; «Overvakningsprogrammet og utsleppsløyvet må omfatte naudsynte parameter for å vurdere økologisk tilstand –». Dette sikrar at det må gjerast tiltak dersom det viser seg at den økologiske tilstanden, dvs f eks skade på fisk i gyeområde, blir därlegare, sjølv om utslepp skulle liggje under sette grenser. Tillegget er innarbeidd i føreseggnene, i samsvar med krav til desse, frå fylkeskommunen, og vedtak FSK-012/21.

Planomtalen er i punkt 4.1 supplert med omtale av vassforskrifta og Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2021, også jfr merknader til planen.

Etter trekking av motsegna til tema vassmiljø, og suppling av planomtale, ligg det til rette for å ta stilling til vidare behandling av planen.

Vurdering:

Motseggnene som står ved lag, gjeld landskap, naturmiljø og kulturminne, og manglande samsvar med overordna plan.

Med bakgrunn i planprosessen som har vore, kan ein ikkje sjå at det vil vere råd å kome til semje med dei overordna mynda om reguleringsplanen, slik at fleire motsegner kan trekkjast. Det er difor muleg at det ikkje er føremålstenleg med mekling. Det blir då å grunngje dette i samband med oversending, som går via Statsforvaltaren. Dersom ein ved oversending får kläre signal om at motsegnspartar vil trekkje motsegner, kan ein mekle.

Det har vore halde drøftingsmøte og synfaringar med motsegnspartane. Forslagsstilla har gjort store tilpassingar for å imøtekome motsegner. Det er gjort vesentlege endringar i planen, og den er supplert i høve utgreiingar, og krav i føreseggnene. Endringane i planen gjev reduserte verknader for landskap, kulturminne, kulturmiljø og naturmiljø. Alternative steinuttaksstader og alternative utskipingsstader er vurderte i planen. Lokalisering av steinbrotet er gjort ut frå nytte av samdrift, og plassering i område med eksisterande inngrep. Det er eitt anna område med sandsteinsforekomst av nasjonal verdi i kommunen, i tillegg til det aktuelle området. Dette er Gulestø, som er eigna til dagbrot. Dette vil ved realisering bli eksponert mot innseglingslinja til Frøysjøen. Utskipingsstader for Aksla var det semje om å utgjere vidare, etter dialogmøte den 14.05.2020 med Fylkesmannen. Med utgreiingane som er gjort, er det dokumentert at det ikkje er reelle alternativ, og då heller ikkje krav til fullt ut å konsekvensutgjere desse.

Ein vurderer at reguleringsplanen for steinbrotet er tilstrekkeleg konsekvensutgjredd og overordna vurdert. Det er gjort tilpassingar og endringar av planen som gjer at verknader for naturmiljø, kulturmiljø, landskap og kulturminne er akseptable, og ein vurderer at planen gjev ein god balanse mellom bruk og vern. Reguleringsplanen gjev føreseielege utsikter for eksisterande verksemد med steinbrot på Setrefjellet, og vil gje 20-30 arbeidsplassar i driftsperioden, der ventleg halvparten blir fast busette. Tilrettelegging for steinbrot på Aksla

vil styrke busetnad og gje lokal og regional verdiskaping, og såleis viktig for kommunen.